

Ny vandrepokal i styltemeisterskapet.

25.08.2016



Bjørgulf Eik med den nye vandrepokalen.

Kvinnheradsmeisterskapet i styltegang har vore eit fast innslag under museumsdagen på Rød sidan om lag 1990. Rett nok var det nokre år med museumsdag utan styltemeisterskap. I fjar vann Audun Eik vandrepokalen som var sett opp av Uskedal Trelastlager AS, til odel og eige etter at han vart kvinnheradsmeister for tredje gong.

Då Audun Eik vann vandrepokalen til odel og eige, trudde dei fleste at dette styltemeisterskapet gjekk over i historien. Det meinte Bjørgulf Eik at ikkje måtte skje. Han tok kontakt med Byggeriet Uskedal Trelastlager AS med spørsmål om dei kunne bidra med ny vandrepokal og fekk med ein gong ja. Dermed er meisterskapet sikra i mange år framover, og vi kan sjå fram til både underhaldande og spennande duellar.

Bjørgulf Eik har vore stylte-general dei seinare åra, men han nektar for at han var opphavsmannen til programinnslaget. Han fortel at det vert same reglar som tidlegare. Pokalen må vinnast 3 gonger, og det vert konkurrert i ein klasse.

- Gutar og jenter, kvinner og menn konkurrerer om same pokal. Her er det full likestilling, for damene er ikkje noko dårligare enn mennene til å gå på stylter, seier Bjørgulf Eik med overbevisning og viser til at systrene Maria Nikoline og Siv Hanne Kjærland hadde fleire napp i den gamle pokalen. Av andre som har imponert på styltene nemner han tidlegare redaktør Knut Hass, sokneprest Jan Ove Anders Totland og løfallstrendingen Bjarte Lunde i tillegg til pokalvinner Audun Eik.

- I første del av løypa vert det konkurrert etter eit prikksystem medan det i siste del vert det konkurrert på tid, fortel styltegeneralen som allereie sit klar med stoppeklokka. Han håpar på god deltaking, for det har vore eit godt programinnslag med mykje spenning og underhaldning opp gjennom åra.

- Slike tradisjonar er det viktig at vi held ved like, og det hjelper Byggeriet Uskedal Trelastlager AS oss med, avsluttar Bjørgulf Eik.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland

